# SU-MØTE

| | | Møte nr. | 1 | 2020 | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | TID | 18.30-20.30 | |
| MØTESTAD | Tuv | | | | |
| DELTAKARAR | **Barnehage**: Christopher Cassidy Svennevik (FAU),Karolina Lundh Alman (FAU), Kari M. Moland (tilsett), Mette Kopperud (tilsett), Monika Randar (styrar)<br>**Skule:** Stian Rygg Bekkevold (FAU), Joveig Erikstad (FAU), Hanne Asp Lunde (tilsett), Unni Bjørke (rektor).<br>**Eigar**: Jørgen Von Tangen<br>**Forfall:** Irene Flaget Johansen | | | | |
| NESTE MØTE | 5. Mai 2020 Kl. 18.30 | REFERENT | Monika | | |

| SAK | Sakliste | Ansvar |
|---|---|---|
| | **Innspel frå elevrepresentantane**<br>Ebba Underland og Milo Jönsson var med som elevrepresentantar. Dei la fram kva som er bra med Tuv skule, kva som trengs, og er det noko som bør endrast? Elevrepresentantane har gått rundt i alle klassane og fått innspel som dei la fram på møtet. Det vart stilt spørsmål om kva skulen gjer med desse innspela vidare. Unni sa at dei ser på kva som kan kjøpast inn utan altfor store kostnader. Av innspel som går på organisering, vil skulen ta med dette vidare og sjå kva dei kan gjere med det. Unni ser på dette saman med dei andre tilsette og gir klassane ei attendemelding på kva som skjer vidare. | U.B |
| 1, | **Godkjenning av referat frå sist møte**<br>Referatet vart sendt ut til gjennomlesing i etterkant av møtet. Det ligg ute på heimesida til kommunen. Referatet vart godkjent. | M.R |
| 2. | **Ressurs og bemanningssituasjonen ved oppvekstsenteret**<br><br>Skule: Har fått tilført 75% fagarbeidar til Tuv skule. Denne er to-delt, og ein av personane er på plass. Det vert fortsatt jobba med å få den siste på plass. I tillegg er det tilsett ny person i ei stilling der ein tilsett har slutta.<br><br>Barnehage: Går veldig bra. Mangel på vikarar, men med fleksible og løysningsorienterte personale flyt dagane godt. | U.B og M.R |
| 3. | **Heim – oppvekstsenter samarbeid**<br><br>Oppvekstsenteret samarbeider mellom anna om: Solfest, førskuletrening, fadderlesing, sfo på besøk i barnehagen på ettermiddagane. I tillegg er det ein del felles leik ute.<br><br>Både skule og barnehage opplever eit godt samarbeid med FAU. | U.B og M.R |

4.

**Resultat frå brukarundersøking i barnehagen**

Undersøkinga vart gjennomført i november/desember:

| Utvalg | År | Besvarte / Inviterte | Prikket | Sist oppdatert |
|---|---|---|---|---|
| Tuv oppvekstsenter Avdeling barnehage (2019) | 2019 | 38 / 42 (90,48 %) | | 07.01.2020 |

| | |
|---|---|
| Ute- og innemiljø | 4,3 |
| Relasjon mellom barn og voksen | 4,9 |
| Barnets trivsel | 4,9 |
| Informasjon | 4,7 |
| Barnets utvikling | 4,9 |
| Medvirkning | 4,6 |
| Henting og levering | 4,8 |
| Tilvenning og skolestart | 4,8 |
| Tilfredshet | 4,9 |

Her er 5,0 høgaste skår. Som de ser er føresette i barnehagen svært godt nøgde med barnehagen. Totalt er det 4,9 i skår på tilfredshet. Her har to avdelingar skåra 4,9 og ein 5,0. Avdelingane har fått i oppgåve å jobbe med sine resultat ved å plukke ut eit punkt dei skårar lågt på, og eit dei skårar bra på. På denne måten kan me både ha fokus på det me kan gjer betre, samtidig som me fortset å gjere bra det me allereie gjer bra.

Det kom spørsmål om skulen også kan gjennomføre ei slik undersøking. SU ynskjer at det vert gjennomført årleg undersøking frå 1.-4. trinn også. Unni tek dette med vidare til rektorgruppa.

M.R

5.

**Status så langt i skule- og barnehageåret**

Barnehagen: jobbar med tema frå fagområde: kommunikasjon, språk og tekst. Her tek me utgangspunkt i Hallingdialekt, hallingkost og

U.B og M.R

| | | |
|---|---|---|
| | tradisjonar som t.d. lausdans. Dette er eit tema som engasjerer borna ☺<br>Skulen: Mykje fråvær gjer det ustabilt, men når alle tilsette er her fungerer alt godt.<br>Mykjer rolegare i klassane no etter jul.<br>I tillegg jobbar skulen med fagfornyinga. Verdiløftet er fokus no, og alle tre skulene jobbar tett saman om dette. | |
| 6. | **Skuleting**<br><br>Det skal vere skuleting 13. Februar. Fau-leiar og nestleiar deltek. Fau har svart på desse spørsmåla i forkant av skuletinget:<br><br>1. Kva for verdiar er viktige i Hemsdalsskulen no og i framtida?<br>2. Kva er eg stolt av med skulen(e) vår(e)?<br>3. Kva er det vi gjer i dag som er bra, med kan bli enda betre?<br>4. Kva er det vi gjer i dag som vi må slutte med?<br>5. Kva er det vi ikkje gjer, som kunne vore spanande å gjort i Hemsedalsskolen?<br><br>Veilederkorpset skal arrangere dette møtet og halde eit innlegg, med påfølgjande gruppearbeid. SU meiner det må klargjerast kven som skal delta. Det er også viktig at det kjem klart fram kva som er målet med skuletinget. Dette er spanande! | U.B |
| 7. | **Eventuelt**<br><br>• *Gå gjennom årshjul*<br><br>Årshjulet vart sendt ut for gjennomlesing, saman med sakliste i forkant av møtet. Unni gjekk gjennom utkastet til årshjul. Innspel: Mai-møtet bør innehalde dato for SU og FAU møter for heile neste barnehage- og skuleår. Det er også ein fordel at det vert gjennomført FAU møter i forkant av SU møter. I forhold til budsjett er det viktig å ta opp til diskusjon enkelte prioriteringar. Her kan me også drøfte t.d. bruk av lærlingar. Årshjulet vart vedteke ovannemnde innspel.<br><br>• *Tidspunkt for møter framover og avklare neste møte*<br><br>Neste møte vert: *TYSDAG 5. MAI KL. 18.30*<br><br>På det møtet vert dato for møter neste skule- og barnehageår sett.<br><br>• Nye vedtekter i barnehagen<br><br>Monika la fram endringar i nye vedtekter frå 01.01.2020. Vedtektene ligg på heimesida til Hemsdal Kommune. | ALLE |

| | | |
|---|---|---|
| | • *Tilstandsrapport:*<br><br>FAU og tilsette i barnehage og skule har sendt inn innspel. Tilstandsrapporten skal opp  i Livsløp i februar.<br><br>• *5.kl neste sk*uleår:<br><br>HBU har pr. i dag ikkje plass til neste års 5. klasse til hausten. Det vert no jobba med å løyse denne utfordringa utan at det kostar noko. SU meiner det er viktig at rektorane saman med oppvekstsjef kallar inn til eit felles foreldremøte for årets 4. klasse før vinterferien. Unni tek dette med til oppvekstsjef. | |